

Fire løyste alle oppgåvene i julekonkurransen.

01.01.2017



Audhild Lie(f.v.), Lise Karin D. Sæbø og Helene Myklebust fekk sine velfortente premiar i uskedalen.no sin bildequiz. Premieutdelar var Kristian Bringedal.

Det var 4 deltakarar som fekk 14 poeng og løyste alle oppgåvene perfekt under uskedalen.no sin julekonkurransen. Det var Frode Sæbø, Odd S. Arnesen, Hege Hauge og Lise Karin Sæbø. Sistnemnde hadde også alle oppgåver rett i fjor, som den einaste. I fjor vart ho ikkje trekt ut som premievinnar, men i år var ho den heldige med namnet på rett lapp.



Red. Kristian Bringedal klar til trekking.

Det har vore imponerande innsats under årets konkurranse. Vi har motteke i overkant av 300 svar, og 285 av desse har vore rette. Dette er om lag 100 meir enn i fjor. Dei 25 første rette svara kvar dag har gjeve poeng.

Tilbakemeldingar frå både deltakarar og folk som har kosa seg med biletoppgåvene utan å senda inn, har vore gode. Det verkar som om mange må vera meir enn 100% sikre på rett svar for å senda inn oppgaver. Vi håpar på endå større opplutnad ved neste korsveg.

Desse deltok i hovudtrekninga:

- Frode Sæbø 14 poeng
- Odd S. Arnesen 14
- Hege Hauge 14
- Lise K. Sæbø 14
- Helene Myklebust 13
- Trond Myklebust 13.

Sidan reglane som er sett på førehand, seier at premien skal trekkjast blant dei 5 som har flest svar, måtte det avgjerast ved loddtrekning om Helene eller Trond sitt namn skulle stå på den 5. lappen i hatten. Det vart Helene Myklebust.

Ved trekking vart så Lise Karin Sæbø trekt ut som vinnar av 5 flaxlodd.

Det vart også trekt ut ein ekstrapremie blant dei som hadde levert meir enn halvparten av svara. Her vart Audhild Lie vinnaren av 2 flaxlodd. I år var det gledeleg mange unge som deltok i konkurransen. Derfor var det ein ekstrapremie til. Den gjekk til 7.klassingen Helene Myklebust som var beste elev ved Uskedal skule med flotte 13 poeng.(Vi har seinare fått vita at ho greidde alle oppgåvene, men hadde rett og slett gløymt å senda ei inn). Ho fekk 3 flaxlodd i premie. Premiane vart overrekt av redaktør og leiar i Uskedal Utvikling Kristian Bringedal.

Vi gratulerer dei to heldige vinnarane.

Vi tar også med deltakarlista over dei resterande deltakarane som var med og gjorde bildequizen så vellukka:

- Eldbjørg Myklebust 12
- Lars Myklebust 12
- Tove Haugland Skår 12
- Leif Arne Døssland 12
- Joakim L. Myklebust 11
- Kari Ljosnes 11
- Møyfrid Kristoffersen 11
- Britt Iren T. Østebø 10
- Audhild Lie 10
- Berit Guddal 10
- Samson Øyjord 10
- Randi Nybakk 9
- Bjørgulv Eik 9
- Asle Moberg 9
- Camilla, Emma, Linnea Ripel 8

Jorunn G. Myklebust, Thomas Eide, Ingeborg Lunde, Magne Grindheim, Selma Ovidia Tarberg, Gerd Ingunn Bauge, Torunn Davidsen, Arne Johs. Haugland, Kari Bråtun, Egil Høgemark, Knut G. Sæbø, Karin Berg, Ida Marie Eidsvik, Tor Skeie Olsen, Torbjørn Haugland, Steinar Kroka, Kjell Musland, Christine Elgaaen, Martin Hauge, Truls L. Røysland, Einar Gjertsen, Målfrid Myklebust og Anne Britt Clemmentsen.

Vi legg også til at spenninga var svært stor. Tre av dei sju som låg an til full pott mista poeng i avslutningsrunden. Elles var det bildet av ordføraren og siste bildet av Erlingur Nielsson og Lina Håland(begge 17) som gav færrest rette svar.

Tusen takk til alle deltakarar for strålende innsats.



Egil Myklebust var løysing på oppgave 9 nyttårsaftan.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland



Erlingur Nielsson og Lina Håland var løysing på oppgåve 10 nyttårsaftan.